



STATENS VEGVESEN Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Dato: 31.01.2018  
Vår ref.: 2017/18008-5  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## **Lindås kommune -gnr 185 bnr 20 - klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til fv 57 - melding om vedtak**

Vi viser til dykkar epost av 09.02.17 med oversending av ovannemnde klage.

Den fylkeskommunale klagenemnda gjorde i møte 30.01.18 følgjande vedtak:

Klage av 19.12.16 frå Reknes Byggjevarer LL på vegne av Aurora Søvik og Arvid Søvik over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16, om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv 57 til gnr 185 bnr 20 i Lindås kommune, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket er endeleg.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen sitt saksframlegg og kopi av utdrag frå møteprotollen. Saksframlegget er grunngjevinga for vedtaket.

Vi ber dykk orientere klagaren om klagenemnda sitt vedtak.

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar  
e. f.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2017/18008-1  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	9/18	30.01.2018

### Lindås kommune - gnr 185 bnr 20 - klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv 57

#### Samandrag

Klagenemnda har fått oversendt klage frå Reknes Byggjeverer LL på vegne av Aurora Søvik og Arvid Søvik på Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16 om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv 57 til gnr 185 bnr 20 i Lindås kommune. Klagegrunnlaget er påstandar om brot på forvaltningslova og veglova, og om feil rettsanvendning.

Fylkesrådmannen har vurdert dei einssilde klagegrunnene, og kome til at desse ikkje underbyggjer påstandane om at SVV har gjort seg skuldig i lovbro. Fylkesrådmannen finn heller ikkje feil eller manglar i SVV si sakshandsaming. Fylkesrådmannen rår difor til at klagen ikkje vert teke til følgje.

**Økonomi:** Ingen verknad.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** Ingen verknad.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

#### Forslag til vedtak

Klage av 19.12.16 frå Reknes Byggjeverer LL på vegne av Aurora Søvik og Arvid Søvik over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16, om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv 57 til gnr 185 bnr 20 i Lindås kommune, vert ikkje teke til følgje.

#### Saksprotokoll i klagenemnda - 30.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Frp).

#### Vedtak

Klage av 19.12.16 frå Reknes Byggjeverer LL på vegne av Aurora Søvik og Arvid Søvik over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.16, om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå fv 57 til gnr 185 bnr 20 i Lindås kommune, vert ikkje teke til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 30.12.2017**

### **Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 09.02.17 frå Statens vegvesen (SVV) fått oversendt klage av 19.12.16 (klaga) frå Reknes Byggjevarer LL (klagaren) på vegne av Aurora Søvik og Arvid Søvik.

### **Saksopplysningar**

#### Søknad

Klagaren søkte i brev av 13.09.16 (søknaden) om løyve for ny avkjørsle frå fv 57 til gbnr 185/20 (tomta). I søknaden heiter det m.a følgjande:

Søker derfor om ny avkjørsel – det er pr dags dato 3 boliger tilknyttet tilkomstvei.

Då dette i realiteten er ein søknad om utvida bruk av avkjørsle, har SVV handsama saka som slik søknad.

#### Retningslinjer for handsaminga

Retningslinene for SVV si handsaming av søknader om utvida bruk av avkjørsler (som saka gjeld) er fastsett i *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørslesaker for riksveg, jfr. veglova §§ 40 og 41.*

I forskrifta heiter det i kap 1 m.a følgjande:

Dersom eit avkjørsleløyve ikkje vil kome i strid med omsyn som gjeld vegen og ferdsla, herunder først og fremst trafikktryggleik og vegen sin transportfunksjon, skal løyve gjevast. Løyve til avkjørsle kan ikkje nektast på anna grunnlag enn det som har å gjere med desse omsyna. [Frå kap 1 i forskrifta.]

Kap 2 i forskrifta lyder som følgjer:

Ved vurdering av avkjørslesaker skal det leggjast stor vekt på trafikktryggleiken. Andre viktige omsyn kan vere vegen sin transportfunksjon og det som har å gjere med vedlikehald av vegen. Både av omsyn til trafikktryggleiken og den funksjon vegen skal ha, er det ved planlegging og utbygging i nokon mon lagt til grunn føresetnader om vegtype, til dømes avkjørslefri eller avkjørslereregulert veg. Slike føresetnader skal leggjast til grunn ved behandling av avkjørslesaker.

#### Vedtak

SVV gjorde i brev av 05.12.16 følgjande vedtak i saka:

Statens vegvesen har vurdert søknaden, og er komen til at søknaden må avslåast med heimel i Veglova § 40.

Nemnde paragraf lyder slik:

§ 40. Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast eller nyttast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

SVV kungjer i sitt brev av 05.12.16 sin bakgrunn for vedtaket. Det er der gjeve ei detaljert skildring av relevante tilhøve i det aktuelle området, vedlagt bilete og planteikningar.

På overordna nivå viser SVV i si vurdering til følgjande dokument:

- Det pågåande planarbeidet for ny E39 «Kommuneplan E39 Flatøy – Eikefettunnelen».
- *Områdeplan. Tunnel på FV 57 Knarvik – Isdal (2014).*
- *Rammeplan for avkøyrslar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016).*
- *Kommuneplan for Knarvik – Alversund (2008).*
- *Reguleringsplan Isdalstø – Alverflaten (2007).*
- Støyforskrifta.

I vurderinga av den spesifikke saka er vurdering av følgjande moment skildra:

- Tilhøva på staden.
- Mogleg konsekvens av planarbeidet for ny E39.
- Omsynet til trafikken på og langs fylkesvegen.
- Framkomst.
- Trafikktryggleik.
- Ei totalvurdering

SVV si oppsummerte grunngjeving for vedtaket lyder slik:

Etter vår vurdering kan vi ikkje gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Bakgrunnen for dette er mellom anna omsynet til vegen sin transportfunksjon og den uavklarte plansituasjonen i området.

#### Klaga

Den endring som klagar ønskjer av SVV sitt vedtak av 05.12.16 er at søknaden om utvida bruk av avkøyrsla vert godkjent. Dette inneber at klagaren samtykkjer i at saka gjeld utvida bruk av den aktuelle avkøyrsla.

Klagegrunnlaget er påstand om at Statens vegvesen på ei rekkje vis har gjort seg skuldig i brot på forvaltningslova § 17 1. ledd (fvl 17), at dei har gjort seg skuldig i brot på veglova § 40 og at dei har nytta lova feil (feil rettsanvendning).

Fvl § 17 1. ledd lyder som følgjer:

Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Det skal påse at mindreårige parter har fått mulighet til å gi uttrykk for sitt syn, i den grad de er i stand til å danne seg egne synspunkter på det saken gjelder. De mindreåriges syn skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.

Dei andre ledda i fvl 17 omhandlar rett til å bli gjort kjend med opplysningar, og omsyn til mindreårige fylt 15 år.

Veglova § 40 lyder som følgjer:

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå [...] fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...].

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå [...] fylkesveg skal byggast etter en plan det godkjenner. [...]

Klagar gjer i høve fvl 17 gjeldande m.a følgjande klagegrunner (tekst i klamme er sitat frå klaga):

1. SVV har ikkje gjort ei brei heilskapleg vurdering.
2. «Dette [påstand om at SVV har brote fvl § 17 1. ledd] begrunnes i at det ikke har blitt utredet tilstrekkelig, at ulempene ved å gi tillatelse er hensyntatt.»
3. SVV har ikkje utgreidd kva trafikale omsyn som tilseier avslag.
4. SVV har ikkje utgreidd konsekvensen av å innvilge søknaden.
5. SVV har ikkje utgreidd spørsmålet om etablering av nye avkøyrslar.
6. SVV har ikkje sett seg tilstrekkeleg inn i gjeldande planar.
7. SVV har ikkje teke omsyn til at det nyleg er etablert busslomme «inn i avkjørselen». Klagar viser samstundes til at det er fartsgrense 50 km/t på staden og god sikt.
8. SVV må vektleggje at det er interesser som talar for at søknaden vert godkjent.
9. Det aktuelle tomteområdet er avsett til bustadbygging.
10. SVV må ved det aktuelle vedtaket, når det er heimla i veglova § 40, kome med forslag til alternativ avkøyrslar.
11. Fordi SVV har gjeve innspel med vidare til kommuneplanen, må kommunen sin arealdel vere retningsgjevande for SVV si vurdering.
12. SVV har ikkje vektlagt at saka gjeld ei eksisterande avkøyrslar.
13. Eit vedtak om godkjenning vil gje marginal trafikkauke.
14. SVV må i si grunngjeving vise til si skjønsvurdering, spesielt med omsyn til «de faktiske forhold som har begrunnet vedtaket, ut fra de overordnede hensyn som for eksempel trafiksikkerhet, framkommelighet og miljø».

#### SVV si vurdering av klaga

I brev av 09.02.17 gjer SVV greie for si vurdering av klaga. Det heiter i brevet m.a følgjande:

[...]

Statens vegvesen region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i

- Nullvisjonen
- Veglova
- Retningslinjer for behandling av avkøyrslar saker – Handbok R701.
- Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)

- Regional transportplan Hordaland 2013-2024

I SVV sitt brev er søknaden vurdert opp mot m.a desse styringsdokumenta.

Det heiter i brevet vidare følgjande: [...]

Før det vert etablert ny eigedom skal avkøyrsløve frå offentleg veg vere godkjent av vedkommande myndighet, jf. plan- og bygningslova § 27-4 og veglova §§ 40-43.

Vi oppfattar at klagar stiller spørsmål om det er behov for avkøyrsløve etter veglova når avkøyrsla allereie er regulert. Reguleringsplanar heimlar berre bruken av avkøyrsla der det omsøkte tiltaket er synt i same plan, og etablering av ny eigedom krav avkøyrsløve etter veglova § 40.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar av klagegrunnene**

#### Påstand om brot på forvaltningslova § 17 1. ledd

SVV har i begge sine saksutgreiingar vurdert «omsyn som gjeld vegen og ferdsla, herunder først og fremst trafikktryggleik» (jf forskrifta). SVV si detaljerte vurdering av kva som er relevante moment er i samsvar med gjeldande praksis, jf tidlegare avkjørslesaker. Det same gjeld utgreiingane sine format. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at SVV har gjort seg skuldig i brot på fvl 17.

#### Påstand om brot på veglova § 40

Klagaren har søkt om avkøyrsløve. Reglane om dette er, som nemnd, fastsette i veglova § 40. Det er der, som vist, fastsett at det er Vegdirektoratet som gjer vedtak i slike saker. Dette ansvaret er delegert til SVV. SVV har såleis heimel for vedtaket sitt. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at SVV har gjort seg skuldig i brot på veglova § 40.

#### Påstand om feil rettsanvendning

Klagaren har ikkje lagt fram rettskjelder eller annan dokumentasjon på at SVV har anvendt lov feil. Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at SVV har nytta lova feil. Det er difor fylkesrådmannen si vurdering at SVV ikkje har utført feil rettsanvendning.

### **Fylkesrådmannen si samla vurdering**

Fylkesrådmannen har i si vurdering av dei einsskilde klagegrunnene kome til at desse ikkje underbyggjer påstandane om at SVV har gjort seg skuldig i lovbroten. Fylkesrådmannen finn heller ikkje feil eller manglar i SVV si sakshandsaming eller trafikkfaglege vurderingar. Fylkesrådmannen rår difor til at klagen ikkje vert teke til følgje.